


Vêret

i Sogn og Fjordane:

Midt på dagen

Skya eller overskya og etter kvart noko regn.




	I dag	I morgon
Flo	kl 02:12	03:02
	kl 14:45	15:42
Fjøre	kl 08:12	09:08
	kl 20:27	21:23

Data fra Statens kartverk Sjø, Tnr 617
© SMHI Grafikk/Bulls

Sola opp/ned

	I dag	I morgon
Opp	kl 05:30	05:27
Ned	kl 21:32	21:35

Kveld




Kveld
Natt

Månen opp/ned


	I dag	I morgon
Opp	kl 07:16	09:00
Ned	kl 03:18	03:43

Torsdag



Det blir sol eller bara lett skya.

Fredag



Skya og perioder med regn eller regnbyer.

Laurdag



Sundag



Kari teikna vinnarlogo

Skal brukast i eit internasjonalt breprosjekt

SOGNDAL: Prosjekt Tunsbergdalsbreen har kåra vinnaren av logo-konkurransen, men gir premie til alle deltakarane.

Juryen var ikkje i tvil om at Kari Kvamme (76) frå Fjærland sitt bidrag var best.

– Det som me likte med logoen er at den var enkel, og at den kan tolkast på fleire måtar. Til dømes kan dråpen tolkast som at breen består av vatn, eller at breen smeltar på grunn av klimaendringar. Menneska kan stå for gruppa vår, men og for menneske generelt som påverkar klimaet, seier Weichert.

Juryen var så imponert over bidraget var best at dei såg vekk i frå at det i utgangspunktet var aldersgrense for deltaking.

– Me i juryen var samde om at me ikkje kunne bruka aldersgrensa mot Kvamme, seier prosjektleiaren Karen Weichert.

Ungdom og klima

Det er til det internasjonale prosjektet for å måla endringar på Tunsbergdalsbreen logoen skal brukast til. Mellom anna blir den å finna på heimesida for prosjektet. Engelskmannen John Price fekk ideen til prosjektet då han vitja Fjærland i 2006. På 50-talet hadde han vore med på ein forskingsekspedisjon til breen. Forutan å overvåka rørselene til breen er Price sin



FÅR NY PREMIE: Kari Kvamme har allereie medlemskap på bremuseet, som var førstepremien i konkurransen, men kan venta seg ei påskjøning likevel. (Arkivfoto)

visjon å bevisstgjera unge menneske om klimaendringar og korleis menneska påverkar klimaet. Prosjektet er eit samarbeid mellom organisasjonar i Storbritannia og Bremuseet i Fjærland, og ein første ekspedisjon med ungdommar er planlagt hausten 2009.

Alle får premie

Heller ikkje jury medlem Jan Inge Fardal, ansvarleg redaktør i Sogn Avis, var i tvil om at logoen skilte seg ut.

– Eg tykte det var veldig sjarmerande. Eg tykkjer det

er flott at ein 76-åring er så ung at ho er med på denne konkurransen. Det vart ein fin logo med ein bra bodskap i seg, seier Fardal.

Kvamme kan venta seg ein annan førstepremie enn den som først var annonsert. Livsvarig medlemskap på bremuseet har ho ifølgje Weichert frå før. Prosjektleiinga og juryen har også bestemt at alle som sendte inn bidrag skal få ein premie. Bidragsytarane var i alderen 12 til 76 år. Desse fem sendte inn tilsaman ni bidrag: Fred-



VINNARLOGOEN: Juryen fall for Kari Kvamme sin logo og var samd om at den var best. (Illustrasjon: Kari Kvamme)

rik Svendsen, Eiren Nesheim, Kari Kvamme, Adelina Louise Roset og Marita Otterskred Helleland.

– Me takkar alle som sendte inn bidrag. Me tykkjer det er flott at folk i så ulike aldrar

engasjerte seg, seier Karen Weichert.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no

HJELMELAND BYGGFORRETNING AS
Postboks 24, 6854 Kaupanger
Tlf. 57 67 83 00 • Mob. 913 90 399/957 79 302

Mur – Puss – Flis – Tømrerarbeid

– flisar får du hjå oss...

Onsdagar 15 – 17 • Torsdagar 15 – 18

Sogn Avis

heim 5 dagar i veka

Ring 57 65 60 00
annonse@sognavis.no

Rekneskap/Økonomitjenester

VISMA
Tlf. 57 62 70 70

Loysing SUDOKU:

4	5	6	7	8	9	1	2	3
1	9	7	6	3	2	5	4	8
3	8	2	4	1	5	6	7	9
5	2	9	8	7	1	4	3	6
6	3	8	2	5	4	9	1	7
7	4	1	3	9	6	8	5	2
8	1	5	9	2	3	7	6	4
9	6	3	5	4	7	2	8	1
2	7	4	1	6	8	3	9	5

Sogn Avis

Tipstelefon:
990 82 381

MMS/SMS:
«S0tips» til 1982

E-post:
desk@sognavis.no

Sentralbord:
57 65 60 00